

ETIKK I INNKJØPSARBEIDET

Etiske retningslinjer for arbeid med innkjøp i Helse Vest

(Vedtatt av Styret i Helse Vest den 15. mars 2005, sak 3405 B)

I. INNLEIING

Forankring

Etiske retningslinjer for innkjøpsarbeidet er forankra i overordna føretaksplan for Helse Vest og det verdigrunnlag som ligg i planen. Retningslinjene har dessutan grunnlag i "Lov om offentlige anskaffelser".

Formålet med retningslinjene

- Retningslinjene skal medverke til reell og lik konkurranse om alle oppdrag som blir retta mot markedet.
- Retningslinjene skal skapa tillit til helseforetakas verksemnd og medverke til å sikre omdømmet til verksemnda.
- Retningslinjene skal sikre eit felles etisk rammeverk for alle som medverkar i innkjøpsprosesser.

Kven er omfatta av retningslinjene

Alle medarbeidarane i Helse Vest er forplikta til å gjere seg kjent med og til å fylgje retningslinjene. Det same gjeld personar og verksemder som etter avtale opptrer på vegne av Helse Vest.

Ansvar og oppfølging

Leiarar på alle nivå i organisasjonen fylgjer opp og sørger for at retningslinjene blir kjent blant medarbeidarane og etterlevd. Leiinga har til eikvar tid ansvar for å vurdere om retningslinjene er tenlege i høve til formålet.

Medarbeidarane skal opptre lojalt i høve til retningslinjene på same måte som i arbeidstilhøvet elles.

Informasjon til leverandørmarknaden

Det er viktig at leverandørmarknaden blir gjort kjent med Helse Vest sine etiske retningslinjer og dei forventningar som retningslinjene stiller til leverandørane.

II. GENERELLE ETISKE PROBLEMSTILLINGAR

Habilitet

Ein bør vere særleg merksam på spørsmålet om habilitet slik at ein unngår å kome i situasjonar der det kan reisast tvil om den einskilde sin habilitet. Elles gjeld reglane om habilitet i forvaltningslova i alt innkjøpsarbeid.

Personlege fordelar og gåver

Tilsette og tillitsvalde i Helse Vest skal unngå personlege fordelar og gåver av slik art at dei kan påverke eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuing eller vedtak.

Unntak

Unntak frå hovudregelen i føregåande avsnitt er gåver/fordelar av liten verdi som ikkje kan seiast å vera eigna til påverknad som nemnd i avsnittet der.

Ein gjer merksam på at gåver ikkje berre omfattar materielle gjenstandar, men også fordelar, for eksempel i form av personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester.

Rabattordningar

Rabattar ved private kjøp kan behandlast som unntak frå retningslinjene, dersom dette er meint som eit gode for alle tilsette generelt (personalgode). Slike ordningar krev godkjenning frå direktøren for helseforetaket i det enkelte høve.

Reiseutgifter

Reiseutgifter i fagleg samanheng skal som hovedregel dekkast av det einskilde HF eller av Helse Vest RHF. Unntak skal avklarast med administrerande direktør.

Utvikling av relasjonar mellom tilsette hos kunde og representantar for leverandør

Det er naturleg at det over tid i avtaleforhold blir utvikla relasjonar mellom tilsette hos kunde og representantar for leverandør. Desse relasjonane er generelt nyttige i eit innkjøpsperspektiv. Det er likevel viktig å vere merksam

på at desse relasjonane ikkje må påverke valg av framtidige leverandørar. Slike valg skal skje etter objektive vurderingar.

Behandling av informasjon om leverandør

Opplysningar knytta til den einskilde leverandør si verksemd skal behandlast konfidensielt og skal ikkje meddelast til tredjeperson.

Informasjon og openheit

Informasjon og openheit i forbindelse med innkjøp skal tilleggjast stor vekt der det er muleg. Eksisterande og potensielle leverandørar skal behandlast likt med omsyn til informasjonstilgangen.

Styring av innkjøpsprosessen

Det er særleg viktig i einkvar innkjøpsprosess at det er personell tilknytta den organiserte innkjøpsfunksjonen som styrer innkjøpsprosessen.

III. OVERORDNA PRINSIPP FOR INNKJØP I HELSEREGIONEN

Fylgjande overordna prinsipp gjeld for innkjøp i helseregionen:

- retningslinjene er uttrykk for leiinga si haldning til val av mål og midler og skal leggjast til grunn for alt innkjøpsarbeid i Helse Vest
- retningslinjene er ein nødvendig del av Helse Vest sin leiar- og medarbeidarhaldning
- retningslinjene skal vera eit middel til å støtta og videreutvikla Helse Vest som offentleg innkjøpsorganisasjon og skal liggja til grunn for all forretningsmessig verksemd som skjer her
- retningslinjene skal vera eit verkemiddel til å utvikle eit naturleg og sunt forretningsforhold mellom kjøpar og leverandør
- alle innkjøp skal, så langt det er mogleg, baserast på reell konkurranse blant kvalifiserte leverandørar
- Helse Vest skal, så langt det er mogleg, opptre på ein felles og eintydig måte ovafor leverandørane i samsvar med god forretningsetikk
- det skal vektleggjast å oppnå gevinstar eller driftsmessige fordeler gjennom samordning av Helse Vest sine innkjøp
- alle innkjøp skal gjennomførast utelukkande med bakgrunn i Helse Vest sine interesser. Ingen må utnytte leverandørkontakt til personleg vinning

- all innkjøpsverksemd skal utøvast i samsvar med ”Lov om offentlige anskaffelser” samt dei forskrifter og retningslinjer som elles er fastsett i samsvar med same regelverk
- alle varer og tenester som det er beslutta innkjøpt i regi av det regionale innkjøpssamarbeidet i Helse Vest, skal fylge retningslinene for slike innkjøp.